

Forsiktig start på slåtten.

17.06.2017



Siloballane på Nedre Fet er klar for oppsamling og henting.

Med mindre regn den siste tida ville slåtten vore starta for minst 3 veker sidan. No ventar bøndene på betre ver og meir oppturka mark. Tunge maskinar og mykje utstyr kan lett gjera skade. Mykje av graset er på grensa til å rotna i rota. Det forringar kvaliteten og gjer at foret vert for grovt. Sauene vil til dømes ikkje ha slikt for.

På dei flate bakkane på Nedre Fet og på Sanden har det vore lagleg for slåtten dei siste dagane. Verre er det på meir vassrike plassar med djup jord. Det var heile fire traktorar i sving i sentrum i dag på gardsbruket til Ole og Elbjørn Sivertsvoll. Bjørgulv Eik hadde dagen før slege kantane og det ein før kalla skrapslåtten. Alt var kasta inn slik at større maskinar med silopressa fekk graset med seg.

Med betre ver i vente i neste veke reknar vi med den store slåtten byrjar med slåing, pressing og oppsamlinga dag og natt.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Bakkane på Sanden i sentrum vart kjapt hausta i dag. Heile fire traktorar var i sving.